



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
28/2015	Levekårsutvalet	PS	07.12.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA - A00	15/349

HØYRING SKULESTRUKTUR I LEVEKÅR

Vedlegg:

Skulebruksplan 2015 - 20130

Utgreiing av skulestrukturen i Vaksdal kommune 2

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet tek utgreiing av skulestruktur og Skulebruksplan 2015 – 2030 til orientering og sender dokumenta på høyring med høyringsfrist 5. februar 2016

Levekårsutvalet - Sak 28/2015

LEV - Behandling:

Framlegg frå Evelyn Boge på vegner av SV, MDG, H:

Levekårsutvalet tek utgreiing av skulestruktur og Skulebruksplan 2015 – 2030 til orientering og sender dokumenta på høyring. Levekårsutvalet gjer merksam på at dei samfunnsmessige konsekvensane av dei ulike alternativa ikkje er tilstrekkeleg utgreia. Høyringsinstansane må difor ha særleg fokus på desse. Høyringsfristen vert sett til 26. februar.

Røysting:

Framlegget frå Evelyn Boge vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg - framlegget fekk 3 røyster (SV, MDG, H) og fall

LEV - Tilråding/Vedtak:

Levekårsutvalet tek utgreiing av skulestruktur og Skulebruksplan 2015 – 2030 til orientering og sender dokumenta på høyring med høyringsfrist 5. februar 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i økonomiplan 2016-2019, sak 46/2015, at rådmannen skal gjennomføre prosess for drøfting av skulestruktur med dei formkrav som ein slik prosess krev. I sak 49/2015 vart det vedteke at rådmannen får fullmakt til å utarbeide forprosjekt for ny barne- og ungdomskule på Dale i tre alternativ. Forprosjektet vil saman med vedlagte rapport og skulefaglege vurderingar inngå i grunnlaget for ny skulestruktur.

Det er utarbeida to dokument til grunnlaget for drøfting av skulestruktur; Skulebruksplan 2015-2030 og Utgreiing av skulestruktur.

Skulebruksplan 2015 – 2030 er utarbeida av Norconsult i samarbeid med arbeidsgruppa for utgreiing av skulestruktur. Utgreiing av skulestruktur er utarbeida av arbeidsgruppa. Dokumentet byggjer på tal, prognosar og analyser i Skulebruksplan 2015 – 2030 og har pedagogiske og samfunnsmessige vurderingar sett frå skulefagleg ståstad.

Høyringsdokumentet består altså av to dokument:

- a. Skulebruksplan 2015 – 2030
- b. Utgreiing av skulestruktur

Fomkrava til prosess for drøfting av skulestruktur er at grunnlagsdokument skal greiast ut og saka skal opplysast så godt som mogeleg før vedtak vert gjort i kommunestyret. I arbeidet med utgreiinga skal berørte partar orienterast om prosessen. Når utgreiinga ligg føre skal den sendast på høyring til berørte partar.

Spørsmål om skulestruktur og eventuelle kringsgrenser for skular vil i stor grad berøra foreldre og nærmiljø. Skulen sitt samarbeidsutval og foreldreråd får difor høve til å uttale seg når det gjeld vedtak om skulestruktur gjennom høyring.

Levekårsutvalet er styringsgruppe i saka og skal sjå til at saka er utgreidd i samsvar med mandat og prosess. Høyringsdokumentet skal til handsaming i Levekår etter høyinga er gjennomført.

Proessen for drøfting av skulestruktur er gjennomført som skildra med noko justering i framdriftsplanen for å tilpasse oppsette møte i Levekårsutvalet.

Utgreiinga om skulestruktur vert presentert i Levekårsutvalet før saka vert sendt på høyring. Formannskapet vert invitert til å høyre på denne presentasjonen.

Dei fire alternative som er vedteke skal greiast ut og sendast på høyring er:

- | | |
|------------------|---|
| Alternativ 0A/0B | Vidareføring av dagens skulestruktur (refereansealternativ) |
| Alternativ 1 | Fem skular – 5.-10. årsteg samla på Dale barne- og ungdomsskule |
| Alternativ 2 | Skule på Vaksdal, Dale og i Eksingedalen |
| Alternativ 3 | Skule på Dale og i Eksingedalen |